

## Ordføraren sitt hjørna – april 2017



Ein snøversdag no sist i april har eg brukt i lag med Landbruks- og matminister Jon Georg Dale. Tema har vore korleis me skal bli kvitt sjukdommen CWD eller Skrantesjuka på villrein, som den og blir kalla. Dette har etter kvart vorte eit heitt spørsmål for dei kommunane som er ein del av Nordfjella villreinområde. Det gjeld Hemsedal, Ål, Hol, Lærdal, Aurland og Ulvik kommunar.

«CWV – Chronic Wasting Disease» har som kjennetein gradvis tap av nerveceller i hjernen, neurologiske symptom og avmagring, og endar alltid med døden». Det er 3 reinsdyr i Nordfjella sone 1, mellom Fv 50 og Rv 52, som denne sjukdommen er funnen på. Den er rekna som svært smittsam, og det er stor sjanse for at den også kan smitte over på andre hjortedyr (hjort, elg og rådyr). Smitte over til sau og kyr er lite sannsynleg. Sjukdommen har lang inkubasjonstid (fleire år), og dyra ser heilt friske ut heilt til dei siste månadane. Det er hjerneprøver tatt på avliva dyr som påviser om dei er sjuke.

Det er no litt over eitt år sidan Lars Nesse i Lærdal fann det fyrste sjuke dyret. Det var synleg sjuke, og prøver frå det dyret slo fast at det hadde CWD. Alle reinsdyr som vart tatt ut under jakta hausten 2016 vart det teke hjerneprøver av, og då vart det oppdaga 2 dyr i tillegg. Begge to var i Nordfjella i den nordlege delen. Det vart også tatt prøver av hjort og elg, men heldigvis ingen positive prøver. Det er ikkje mogleg å ta prøver av levande dyr.

Kva er til vurdering no? Ein trur at me veldig tidleg inne for å kunne bekjempe sjukdommen. Det er vurdert å sanere villreinstamma i sone 1 i Nordfjella, og det blir gjort ein stor innsats for å hindre at dyr kjem seg ut frå sona, og at anna villrein og tamrein kjem inn. Dette har ein greidd med hjelp av snøscooter no vinterstid, barmarkstida blir verre. Det er derfor vurdert eit viltgjerde samanhengande mellom Eldrevatn og Breistølen langs Rv 52, og det er vurdert 4 strekkingar på Hemsedalssida som også må sikrast med gjerde. Dette blir sett på eit strakstiltak, og har nytte også ved sanering og reinnføring av rein i området.

Ein trur at det er størst smittefare der mange dyr er samla. Direkte berøring mellom dyr, og avføring i jordsmonnet. Derfor er det stort fokus på salteplassar i fjellet og fjellsidene. Mykje av arealet er felles beiteområder for sau og rein, og lågareliggjande salteplassar kan også tiltrekke seg m.a. hjort. Det er derfor kome framlegg til soneforskrift som forbyr utsetting av slikkesteinar, eller sikring av salteplassane slik at berre sauene kan koma inn. Det siste er dyre og krevjande tiltak, og salteplassane er viktige i ei rasjonell sauedrift. I framlegget til soneforskrift er heile kommunen tatt med. I uttalen frå kommunen og Hemsedal Sankelag kom me med slikt framlegg til sone:

*«Frå kommunegrensa mellom Hemsedal og Gol er RV52 foreslått som grense fram til Tuv tettstad med bakgrunn i at det aldri i historia har trekt villrein denne vegen. Langs Rv52 på denne strekkinga er det stor trafikk, landbruk og busetjing. Frå Tuv skal grensa fylgje innover Grøndalen til Solheisen. Grensa vert vidare foreslått å fylgje fjellvegen inn til Vavatn, gå vidare på sørsida av Vavatn og herifrå mot grensa til Vang vest for Ranastongi.*

*Om det blir sett opp tilstrekkeleg og gode nok sperregjerde for rein langs Rv 52, og samstundes gjev naturleg og avgrensa beiteskille for sau, så vil det vera naturleg og ynskjeleg å bruke Rv 52 som avgrensing til soneforskriften for Nordfjella.»*

Dersom dette blir vedtatt blir ein stor del av sauebeita i Hemsedal spara for restriksjonar på bruk av salteplassar, og dermed beitebruk som før.

Det er Landbruks- og matministeren som avgjer kva tiltak som skal setjas i verk. For villreinen i Nordfjella er det fleire alternative måtar å gjera uttaket på. Det beste alternativet er antakeleg å ha ei sterkt utvida jakt til hausten som reduserer reinstamma og dermed smittepresset mykje. Ei utstrakt prøvetaking vil avklare situasjonen i Nordfjella, på Hardangervidda, blant tamreinen og anna hjortevilt. Då får ein avklara om det er berre i Nordfjella sone 1 at det er smitte. Det er det ein håpar på. Alle reinsdyr i sone 1 må antakeleg takast ut, men ein får då gjort det kontrollert. Ein får og nytta kjøtet. Alle friske dyr er sjølv sagt menneskemat. Det er mange dyr som skal ut, det er mykje arbeid med prøvetaking, og det er lange avstandar. Kommunane vil krevje at det blir sett inn helikopter for å frakte ut dyra. Ein kan ikkje forvente at jegerane vil bera ut alle desse dyra, og dette er ein dugnad der Staten må ta den økonomiske kostnaden fullt ut.

Det er mykje som må koordinerast. Det er naturleg at dette blir eit samspel mellom lokale krefter og sentrale myndigheiter. Me har bedt om eit møte med dei aktuelle statsrådene. Det får me no med det fyrste. Eg og mange andre er spente på kva tiltak som blir sett i verk. For eitt år sidan var ikkje dette noko tema i det heile tatt.

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører